



Saksbehandlar: Astrid Lernes, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/8205-65

Høyringsfråsegn - Forskrift om utstedarverksemd for bompengar og ferjebillettar (utstedarforskrifta)

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til hovudtrekka i vedlagde uttale frå Ferde AS, og vil særleg påpeike følgjande:

- Forskrifta må legge til rette for at kostnader til administrasjon av bompengar vert på eit lågast mogleg nivå. Dei økonomiske konsekvensane av forskrifta bør difor vurderast nærare. Dette gjeld også nivået på utstedargodtgjersla. Det bør vere eit tak på denne godtgjersla for særskild dyre samband, som t.d. ferjesamband.
- Forskrifta må avklare nærare forholdet mellom operatør og utstedarselskap i tilfelle med tvistar om betaling.
- Fristen for iverksetjinga av forskrifta bør vurderast utsett, slik at bompengeselskapa kan få etablert naudsynete system og rutinar, og utstedarselskapa kan få tilstrekkeleg tid til å etablere seg.

Vedlegg:

Uttale frå Ferde AS

SAKSFRAMSTILLING

Fylkesrådmannen har ikkje gjort ei sjølvstendig saksframstilling i saka, men byggjer høyrings-uttalen på argumenta frå Ferde AS sin uttale. Ferde AS er det nye regionale bompengeselskapet for Sør-Vestlandet, som vi eig i lag med dei fire andre fylkeskommunane i Sør-vest.

I forslaget til vedtak er dei vesentlege momenta i uttalen til Ferde AS - slik fylkesrådmannen ser det – tekne inn. Det vert under kort gjort greie for bakgrunnen for forskrifta som er på høyring, samt oppsummering av viktige innspel til forskrifta. Det vert elles vist til vedlagde høyringsuttale frå Ferde AS.

Bakgrunn

Vegdirektoratet har lagt forskrift om utstedarverksemd for bompengar og ferjebillettar (utstedarforskrifta) ut på høyring. Forskrifta er mellom anna ei oppfølging av Meld. St. 25 (2014-2015) På rett vei – Reformer i veisektoren, samt Prop. 1 S (2014-2015) frå Samferdselsdepartementet. Meldinga slår fast at det skal etablerast eit tydeleg skilje mellom bompengeinkrejvning og utstedarverksemd, som i dag er samla i bompengeselskapa gjennom AutoPASS Samordna Betaling.

Forskrifta tek sikte på å etablere eit tydeleg rammeverk for utstedarverksemda for betaling av bompengar og ferjebillettar som skjer via ein AutoPASS-utsteder. Ein AutoPASS-utstedar vil også stå fritt til å tilby andre tenester til brukarane. Forskrifta fastsett plikter og rettar for bompenge-selskap, ferjeselskap, utstedarar og brukarar. Det er teke sikte på å balansere omsynet til effektivitet, brukarvennlegheit, rettferd, konkurranse og moglegheit for kontroll. Forskrifta tek sikte på å vere mest mogleg teknologinøytral og med dette kunne vere tilpassa framtidige endringar.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

I følgje estimat Ferde AS har gjort, kan utskiljing av utstedarfunksjonen utgjere 50 mill. kr årleg i auka kostnader. Dette tilseier at dei økonomiske konsekvensane bør utgreiaast nærmare, slik at organiseringa vert i tråd med målet med bompengereforma, som skal sikre ein meir effektiv bompengeinkrevjing. Det bør også vurderast om utstedargodtgjersla på 1,75 % ligg for høgt i forhold til kostnadane ved utstedarverksemda.

Utstedargodtgjersla er føreslått basert på ein fast prosentsats. Dette vil gje høg provisjon ved høge bompengesatsar, som t.d. vil vere aktuelt på Vestlandet med mange ferjesamband. Fylkesrådmannen meiner det bør vurderast å ha eit tak på utstedargodtgjersla for særskild dyre samband.

Fylkesrådmannen meiner vidare at forholdet mellom operatør og utstedarselskap - i tilfelle med tvistar om betaling - må avklarast. Vidare bør ikke utstedarselskapa kunne nekte kundar å etablere avtale utifrå forretningsmessige høve.

Fylkesrådmannen meiner det er viktig å få til ei tilstrekkeleg overgangsordning slik at bompengeselskapa kan få etablert naudsynte system og rutinar, og at reelle aktørar kan etablere seg som utestedarar. Det bør difor vurderast om iverksetjinga av forskrifta bør utsetjast, og at bompengeselskapa får lenger tid enn 18 månader på å avvikle utstedarfunksjonen.